Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lainving

Oppskr. av: Are Tusteravatn

(adresse): Hattfjelldal

Fylke: Nordland

Herad: Hattfjelldal

Bygdelag: Röstvatn.

Gard: Kvalbukt

G.nr. 67 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Kårm. Jakob Kvalbukt, Hattfjelldal fødd 1858.

SVAR

Lainving.

1. Lainving har ein drive med så langt att i tida nokon kan minnast, og det vert enno gjort ved tid og høve, om enn i mindre grad. Sjøbesøgd vart det lainva meir i vår og likeins når det kom seint i gang med grasvoksteren, slik at ein fekk betre tid; t. d. ~~at~~ ein fekk setta i stand husa før ein verkeleg tenkte å ta til med slåttonna.

Kom derimot sommaren tidleg med slåttonn, vart det ikkje stort lainving når ein hadde husbygging eller vølingsarbeid av ymse slag på ein gard som skulle vera unnagjort. Men folket heldt lainvet for å vera gjævt, og så sant det var tid til lainving så gjorde dei det om det ikkje var vår.

Og det er enno ikkje slutt på lainvinga.

2. Ein drog ut på „lauveng" så snart „lauve" var vakse. Det kunne vera første dagane av juli. Stundom vart det lauva i september, men det var sjeldan. Og det vart då rogne- og seljelauv som det vart laga av om hausten, å alle fall seinhaustes av di dei stod lenger grøne enn bjørka. Men der bjørka stod grøn, var det den det gjekk utover både haust og vår! Det var mest av bjørk, og om vårane var det vel så og seva berre „lauvkjørvor", av bjørka som vart laga. Arbeidet med å laga laubkjørvor vert kalla „lauveng". Ordet bøyest slik: å lauve. lauva, lauva, lauva.

3. Reiskapane til „lauveng", var slirekniv, eller og lauvkniv av ein gamal ljå som var smidd til det. Nokon reiskap for å bøya kvistane ned med, kjenner ein ikkje til. Heller ikkje at ein hadde noko for å verna hendene med under rispning av lauv.

4. Ein tok lauv både av rotfaste og nedhogde tre. Men der det var høveleg småskog, gjekk det snarast å lauva rotfaste tre som ein skar eller hogg kvistane av. Trea kunne vera så høge at dei nådde under aksla når ein tok


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

til og lauva dei.

Trea vart lauva på nytt att etter nokre år, når det verkeleg var så mykje lauv på dei at det var nûm i. Det vart ikkje gjort på noko visst åremål t.d. fjerde og sjuande året. Men vanleg kûnne ein koma att etter fjerde året og lauva.

Ein rispa ikkje lauv av trea dei åra dei ikkje vart lauva eller kvistar vart avskorne. Heller ikkje tok ein vare på slike tre, og meinte dei hadde større verd enn andre.

5. Rispelauv vart tûrka på golv. Men det var lite bûkt å rispa lauv. Lauvkjörvån vart tûrka på vanlege stonghesjer, berre det at dei hadde to stenger i breidda mot for höyhesjer berre ei stong for kvar flo. Kjörvån vart ikkje tekne inn om det vart regn dersom dei fanst rå og ikkje var heilt törre. Lauvkjörvån kûnne og vert hengt på stenger mellom trea og i trea i gamal tid. Dette vert ikkje gjort no når dei er til törkings. Dessûtan vart lauvkjörvån reiste ikring löveggen inne i löa, eller og tûrka ûnder tela på hûsa som var oppsette på

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 3262

stolpar. Det beste var å turka lauvet i skugge og ikkje i solskin av di det då vart for „skart".

Lauvstakkane vart laga liksom høystakkane med ei stong i midten, og kjørvån" snudde med toppen inn mot stonga.

Det hende vel at dei hadde torv attmed stonga øvst på stakken, men dei batt og ein lauvkrans med kvister som dei hadde ned på stonga så vatnet ikkje skulle renna så nedetter. Ein kunne vel ha 100 kjørvor i ein lauvstakk. Men ofte var det tomme løer ein hadde kjervene inni når dei vart turre. Kjervene vart ikkje talde i blokker, og heller ikkje i tju og lauvhundre. Det er ikkje kjent at ein halvtørka lauvet på bakken og tok det inn for at det skulle verta „øl" (med tjukk l) eller gjærast til surlauv.

6. „Kjorvån" som vart sett i lauvstakk eller turka i løene i skogen, vart køyrd heim på vinterføre liksom høyet.

Derimot det som vart lauva av småskogen kringom garden, vart bore heim medan det var rått og vart turka på låve, fjøsloft eller under „tak" på husa. Måten ein fekk det

3262 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

heim på var så grius. Ein kunne bera kjørvån i reip, ein kunne bera dei utan reip, under armen eller ein tok i kvistane og slengde dei over aksla, eller og at ein brukte tillebår for å frakta dei heim med.
Lauvdugnad har ein ikkje halt her i bygda.

7. Det vart lauva både i innmarka og utmarka. Både karar og kvinner og born var med på lauving. Dei gjorde alle kvar sine lauvkjerver ferdige. Det kappast om kven som skulle greia gjera mest.

8. Når kjørvån var tørre, stabla ein dei opp, la dei oppå kvarandre attmed ein vegg. Nådde dei då ikkje heilt opp under taket, kunne ein legga høy over. Hadde ein derimot berre få kjørver kunne ein la dei stå oppreiste frammed veggane liksom når ein hadde dei inn til tørkings, og ein hadde då høy over.
Lauv fekk sauer, geiter og kyr, men det var helst dei 2 første som fekk noko større. Kyrne fekk helst berre når ein hadde lite høy „börnö".
Sauer og geiter fekk ei halv kjørve i gongen 2 eller 3 gonger for dagen og så litt høy. Kyrne kunne få 1 kjørve til det eine målet, og så høy dei andre to måla. Det var ikkje vanleg at

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 3262

kròtera fekk berre lauv.
Ein rekna 100 store eller 300 vanlege kjerver på sau og geit, og 1000 vanlege kjörver pr. ku. På Skyrne ville ein seia at 1000 kjerver var knapt, men ca 1200 skulle greia det.

9. Björke- og seljelauvet vart rekna for godt for.

10. Det vart ikkje rispa lauv til grisen.

11.–15. Det var ikkje samlauving. Dei lauva kvar heime hos seg sjölve. Og der det ikkje var „ståande lauvskog" felte karane med trea og kvinner og born skar kvistar og la i kjörvor, buntar.

B. 1–9. Rakelauv.

Rispelauv var som för nemnd lite brukt. Men det som vart rispa vart bore heim i sekker og hatt utover låvegolv o.s.b. til törking. Det vart ikkje törka på bakken og raka i hopar. Så noko rakelauv hadde dei i grunnen ikkje. Det gjekk så mykje seinare å driva med slik lauvsanking enn å skjera kvistar og laga kjörvor, og dertil var det vanskelegare å forvara det; så noko rispe- og rakelauv var ikkje nemnande brukt. Ein kan vel seia at rispelauvet ikkje har vore brukt den siste manns-alderen. Lauvkjörvor vert derimot gjort no til dags og.

3262
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING